



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Prop. 32 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i havressurslova m.m.
(administrativ inndraging og tilgang
til opplysningar i Folkeregisteret)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	5.1.1	Høyringsforslaget	10
			5.1.2	Departementet si vurdering	10
2	Behovet for lovendring	6	5.2	Tilgang på opplysningar frå Folkeregisteret	11
3	Oversikt over gjeldande rett – havressurslova § 54	6	5.3	Forslag om oppheving av fiskarpensjonslova § 4 fjerde ledd	11
3.1	Innleiing	6			
3.2	Bakgrunn og historikk	6	6	Administrative og økonomiske konsekvensar	11
3.3	Rekkevidda av føresegna	8			
4	Høyring – havressurslova § 54	8	7	Merknadar til dei enkelte føresegnene	12
4.1	Høyringsnotatet	8			
4.2	Høyringsfråsegner	9			
4.3	Oppsummering av høyringsfråsegnene	9			
5	Om lovforslaga	10			
5.1	Endringa i havressurslova § 54	10		Forslag til lov om endringar i havressurslova m.m. (administrativ inndraging og tilgang til opplysningar i Folkeregisteret)	14



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Prop. 32 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i havressurslova m.m. (administrativ inndraging og tilgang til opplysningar i Folkeregisteret)

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 2. desember 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Nærings- og fiskeridepartementet legg i denne lovproposisjonen fram forslag til endringar i lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av villlevande marine ressursar (havressurslova), lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakarlova) og lov 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskere (fiskarpensjonslova).

Endringane gjeld administrativ inndraging etter havressurslova § 54 og tilgang på opplysningar frå Folkeregisteret. Sistnemnde er ei teknisk oppfølging av folkeregisterlova, lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering. I tillegg gjeld endringa ei oppheving av fiskarpensjonslova § 4 fjerde ledd.

Dei foreslåtte endringane som gjeld administrativ inndraging, inneber at det vert teke inn ein heimel i havressurslova § 54 for departementet til å fastsetje i forskrift nærmare føresegner om lovbrott som fører til administrativ inndraging av fangst etter § 54 første ledd punktum. Lovforslaget opnar for at departementet kan tydeleggjere i forskrift kva lovbrott som fører til administrativ inndraging etter havressurslova § 54 første ledd første punktum. I tillegg opnar lovforslaget for at departementet kan fastsetje i forskrift at enkelte lovbrott som i

dag fører til administrativ inndraging etter § 54 første ledd første punktum, ikkje lenger skal gjere det.

Lovforslaget som gjeld havressurslova § 54, har to hovudformål. For det første skal det gjera situasjonen meir føreseieleg for aktørane, ved at ein i forskrift kan tydeleggjere kva for lovbrott som medfører administrativ inndraging. For det andre vil lovforslaget gjere forvaltninga større fleksibilitet i val av reaksjonsform, ved at det blir mogleg å fastsetje nærmare føresegner i forskrift om når ein skal la vere å bruke administrativ inndraging i sakstypar der slik inndraging framstår som unødvendig tyngande.

Dersom denne lovproposisjonen blir vedteke av Stortinget, tek departementet sikte på å sende ut eit høyringsnotat med forslag til forskriftsendringar som følgjer opp lovendinga i havressurslova § 54.

I tillegg vert havressurslova og deltakarlova foreslått endra slik at Fiskeridirektoratet får heimel i lov til framleis å kunne hente opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikt når det er naudsynt for utøving av oppgåver etter lovene, jf. folkeregisterlova 2016 § 10-2. Dei foreslåtte lovendingane inneber ei vidareføring av rettstilstanden etter lov 16. januar 1970 nr. 1 om folkeregistrering.

Vidare foreslår departementet at fiskarpen-sjonslova § 4 fjerde ledd blir oppheva, då inn-haldet i denne ikkje lenger er aktuelt.

2 Behovet for lovendring

Bakgrunnen for at departementet fremmar lov-forslag om endring av havressurslova § 54 er at departementet har sett at det er behov for å tyde-leggjere kva lovbrott som fell innunder hav-ressurslova § 54 og kva lovbrott som ikkje gjer det. I tillegg har departementet sett at enkelte typar lovbrott som i dag vert omfatta av havressurslova § 54 kan leie til inndraging som i enkelte tilfelle kan framstå som unødvendig tyngande.

Departementet har særleg sett behov for å sjå nærmare på om det bør gjerast unntak frå administrativ inndraging for enkelte føresegner som har preg av å vere formalbrot. Det kan i enkelte tilfelle framstå som unødvendig tyngande at fangstverdien vert inndregen dersom lovbrottet er knytt til enkelte slike føresegner.

Departementet vurderer det difor som for-målstenleg å ta inn ei endring i havressurslova § 54 andre ledd som gjev heimel til å fastsetje nær-mare føresegner i forskrift om kva lovbrott som fører til administrativ inndraging, og kva lovbrott som er unnatekne frå administrativ inndraging.

Bakgrunnen for lovforslaget om tilgang på opplysningar frå Folkeregisteret er at folke-registerlova 2016 § 10-2 stiller krav om at heimel for utlevering av opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, må følgje av regel-verket som gjeld for dei ulike saksområda. Skal Fiskeridirektoratet framleis ha tilgang til opplys-ningane, må heimelen såleis stå i dei enkelte lovene.

3 Oversikt over gjeldande rett – havressurslova § 54

3.1 Innleiing

Administrativ inndraging er ein sentral administra-tiv reaksjon i fiskeriforvaltninga som inneber at fangst eller verdien av fangst som er hausta eller levert i strid med føresegner som er fastsette i eller i medhald av havressurslova eller deltakarlova, vert inndrege. Regelen om administrativ inndraging inngår i eit reaksjons- og sanksjonssystem som vert handheva av fiskeriforvaltninga og som omfattar mellom anna tvangsmulkt, lovbrotsgebyr og straffeprosessuell inndraging.

Til forskjell frå til dømes lovbrotsgebyr og straffeprosessuell inndraging, er administrativ inndraging ikkje ein pønalt reaksjon og vert ilagt utan omsyn til skuld. Føresegna er utforma slik at inndraging skjer på objektivt grunnlag, og det vert ikkje opna for skjøn eller vurdering av om reaksjonen er rimeleg. Det er såleis tilstrekkeleg å konstatere at det har funne stad eit brott på dei føresegnene som havressurslova § 54 viser til for at inndraging skal skje. Bakgrunnen for denne utforminga byggjer på eit syn om at fiskaren ikkje har rett til å behalde verdien av fangst som er ulovleg fanga. Departementet viser i denne samanhengen til Rt. 2007 s. 1217, som underbyg-gjer det nemnde, og som slår fast at administrativ inndraging av fangst ikkje er straff etter EMK artikkel 6.

Ein kan skilje mellom to typar ulovleg fangst som vert inndrege etter føresegna om administra-tiv inndraging; fangst ut over kvote og fangst i strid med andre føresegner. Det er særleg sist-nemnde som er relevant for forslaget i denne lov-proposisjonen.

3.2 Bakgrunn og historikk

Administrativ inndraging er heimla i hav-ressurslova § 54. Havressurslova vart vedteken 6. juni 2008 og erstatta lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske mv., jf. Ot.prp. nr. 67 (1998–99) *Om lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar*. Formålet til havressurslova er å sikre ei berekraf-tig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det til-høyrande genetiske materialet. Lova har mellom anna føresegner om kvotar og om utøving av fiske. I tillegg fastset lova § 2 at retten til dei vilt-levande marine ressursane ligg til fellesskapet i Noreg. Føresegna lovfestar eit grunnleggjande prinsipp om retten til desse ressursane.

I tillegg til heimelen i havressurslova § 54 gjev deltakarlova § 27 heimel til å administrativt inndra fangst som overstig grenser pr. tur gjeve i fartøyet sin konsesjon. Deltakarlova vart vedteken 26. mars 1999 og erstattar tidlegare lover som har regulert deltakinga i fiske og fangst, mellom anna lov 16. juni 1972 nr. 57 om regulering av deltagel-sen i fiske, jf. Ot.prp. nr. 67 (1998–99) *Om lov om retten til å delta i fiske og fangst*. Formålet til lova er dels å tilpasse fangstkapasiteten i fiskeflåten til ressursgrunnlaget for å sikre ei rasjonell og bere-kraftig utnytting av dei marine ressursane, dels å auke lønsemda og verdiskapinga i næringa og gjennom dette tryggje busettinga i kystdistrikta, og dels å leggje til rette for at haustinga av dei

marine ressursane framleis skal kome kystfolket til gode. Lova stiller mellom anna krav til ervervs-løyve for den som vil drive med ervervsmessig fiske og fangst med fartøy, og krav om konsesjonar (spesiell løyve).

Departementet vil vidare vise til lov 21. juni 2013 nr. 75 om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar (fiskesalslagslova) § 21 som fastset at fangst eller fangstverdi tilfell vedkomande salslag når fangsten er hausta eller omsett i første hand i strid med føresegnar som er fastsette i salslagslova.

Om framveksten av systemet med administrativ inndraging av fangst viser departementet til Ot.prp. nr. 20 (2007–2008) *Om lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova)* s. 99 flg.:

Behovet for reglar om inndraging av fangst oppstod på midten av 1970-talet, då kvoteregulering ved å fastsetje kvote for kvart fartøy vart sett i verk. Ved fastsetjing av kvote for kvart fartøy viste det seg å vere eit sterkt behov for ei effektiv handheving av kvoteføresegnene. Det vart difor fremma forslag som tok sikte på å innføre ei ny ordning med administrativ inndraging av fangstar som oversteig fastsette kvotar. Føresegna vart utforma slik at meirfangsten eller verdien av han gjekk til den salsorganisasjon som hadde rett til førstehandsomsetninga av fangsten. Ordninga skulle gjennomførast utan omsyn til eventuelt straffansvar. I Ot.prp. nr. 39 (1975–76) vart ordninga grunnjeven slik:

Det har vist seg å være stort behov for regler om ulovlige fangster – av såvel preventive som praktiske grunner. Bestemmelsen i § 10 b er søkt utformet slik at behandlingen av fangstene skal kunne skje etter objektive kriterier og på enklest mulig måte. En har forutsatt at en bestemmelse av denne type ikke er grunnlovsstridig, da det for så vidt ikke er tale om straffelignende inndragning, men en regulering av eiendomsretten til tidligere eierløse ting. Noe skyldspørsmål skal således ikke vurderes. ... Oppgaven å beregne hvilke fangster eller deler av fangster som er fanget i strid med fastsatte kvoter er av praktiske grunner lagt direkte til salgsorganisasjonene. Som regel vil dette være en enkel regneoperasjon. Avgjørelsen vil være et enkeltvedtak som kan påklages.

Departementet viser i denne sammenhengen til havressurslova § 2 som slår fast eit sentralt prinsipp om at dei viltlevande marine ressursane ligg til fellesskapet i Noreg.

I saltvassfiskelova var det to heimlar for administrativ inndraging av fangst. Saltvassfiskelova § 11 tredje ledd gav heimel til å inndra verdien av fangst hausta, ført i land eller levert i strid med føresegnar fastsette i eller i medhald av saltvassfiskelova. Vidare gav saltvassfiskelova § 7 heimel for inndraging av meirfangsten eller verdien av han ved overskriding av kvote. Havressurslova § 54 om administrativ inndraging vidarefører prinsippa som lå til grunn for den tidlegare reguleringa om administrativ inndraging etter saltvassfiskelova §§ 7 og 11.

Administrativ inndraging av fangst eller fangstverdi etter havressurslova § 54 må sjåast i samanheng med ilandføringsplikta, jf. havressurslova § 15. Det følgjer av Ot.prp. nr. 20 (2007–2008) *Om lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova)* s. 106–107, som skildrar grunngevinga for systemet med administrativ inndraging av fangst, at:

Systemet med administrativ inndraging må som nemnt sjåast i samanheng med at død eller døyande fisk skal først i land. Ilandføringsplikta, som vert styrkt i havressurslova, er eit av dei viktigaste prinsippa i fiskeriforvaltninga. Det byggjer på den haldninga at alt uttak av fiskeressursar som er død eller døyande – av omsyn til ressursforvaltning og miljø – skal først i land, registrerast og avreknast på kvotar.

Men sjølv om haustarane skal føre fangsten i land, skal dei ikkje få nokon fordel av det ulovlege fisket. Administrativ inndraging av fangst hausta i strid med føresegnar fastsette i eller i medhald av lova er såleis ikkje å sjå på som ein sanksjon, fordi dette gjeld inndraging av fangst som av ein eller annan grunn er ulovleg, og som det såleis ikkje var lov å hauste. Brot på desse reglane gjer at fartøya ikkje har krav på å behalde fangsten eller verdien av han. Inndraginga har såleis ikkje som formål å påføre eit vonde ved straff. Administrativ inndraging skjer difor utan omsyn til subjektiv skuld, det må berre påvisast at fangsten objektivt sett er hausta i strid med lova.

Det vert gjeve vederlag for ilandføring av ulovleg fangst når fangsten ikkje var tilsikta, jf. forskrift 12. mars 2010 nr. 390 om inndraging av fangst og bruk av inndregne midlar (*forskrift om inndraging av fangst m.m.*) § 3. Formålet med vederlagsordninga er å motverke at reglane om inndraging av ulovleg fangst verken oppfordrar til ulovleg utkast eller gjev fiskarane insentiv til å fiske ulovleg. Det er vidare lagt til grunn i Fiskeridirektoratet sitt

rundskriv av 10. januar 2012 at rettsvillfaring hjå fiskaren ikkje gjev rett til vederlag for ilandføring av ulovleg fangst.

3.3 Rekkevidda av føresegna

Havressurslova § 54 første ledd første punktum slår fast at fangst som er hausta eller levert i strid med føresegner i havressurslova eller deltakarlova, tilfell det fiskesalslaget som har retten til å omsetje fangsten, eller staten dersom fangsten ikkje fell innunder omsetningsretten til salslaget.

Ordlyden er vidt utforma og viser at all fangst eller verdien av denne som er hausta og levert i strid med føresegner fastsette i medhald av havressurslova og deltakarlova, skal inndragast.

Når det gjeld kva regelbrot som leier til administrativ inndraging viser departementet til merknadane til § 54 i Ot.prp. nr. 20 (2007–2008) *Om lov om forvaltning av viltlevende marine ressursar (havressurslova)* s. 219:

Føresegna gjev heimel til inndraging ved fangst ut over kvote, ved brot på tekniske reguleringar som reiskapsreglar, bifangst osv., ved brot på reglar om stenging av område, kort sagt ved brot på alle reglar om hausting i havressurslova og deltakarlova.

Føresegna slår vidare fast at fangst eller verdien av fangst levert i strid med føresegner i eller i medhald av havressurslova og deltakarlova går til det salslaget som har retten til å omsetje fangsten. Dette omfattar til dømes fangst som er teken i strid med konsesjonen til fartøyet eller dersom haustar ikkje har løyve til å hauste eller ikkje har løyve til å hauste med spesielle reiskapar. Det omfattar vidare fangst som er levert i strid med føresegnene i lova, som der fangsten vert registrert levert på eit anna fartøy enn det som har teke fangsten, jf. også Ot.prp. nr. 92 (2000–2001) kapittel 3.3.6. der dette er omtala. Første ledd omfattar brot på opplysningsplikter ved levering av fangst, og kan nyttast når det er skrive feil fiskeslag, produkttilstand, kvantum o.a. på landings- og sluttsetlar.

Vidare følgjer det av same proposisjon under kap. 7.4.4.3 side 108 at:

Når det gjeld brot på andre opplysningsplikter, som til dømes brot på reglar om sporing fastsette i eller i medhald av lova, vert spørsmålet kva for omsyn som ligg til grunn for inndraging av fangst i desse tilfella.

Departementet ser at gode grunnar talar for at det er mogleg å inndra fangstverdi ved brot på etterfølgjande opplysningsplikter, ut frå ei vurdering av at fiskaren heller ikkje skal ha rett til å behalde fangst i dei tilfella der han ikkje har oppfylt opplysningspliktene sine. Dette vil likevel vere noko anna enn at fangsten er levert i strid med føresegnene i eller i medhald av lova, fordi dei grunnleggjande pliktene ved levering, korrekt utfylling av landings- og sluttsetel, kan vere oppfylte.

Departementet meiner difor at inndraging i slike tilfelle må gjerast som ein sanksjon, då inndraginga her både har eit klart pønalt formål og vil verte oppfatta som ein pønalt reaksjon, i motsetning til inndraging av fangst som er hausta eller levert i strid med føresegner i eller i medhald av lova.

Det er følgjeleg ikkje alle føresegner i havressurslova og deltakarlova, eller føresegner i medhald av desse, som er omfatta av havressurslova § 54 og som ved brot leier til administrativ inndraging.

4 Høyring – havressurslova § 54

4.1 Høyringsnotatet

Fiskeridirektoratet sende 14. juni 2021 ut eit høyringsnotat til berørte aktørar med forslag til endring i havressurslova § 54 i tråd med bestillinga frå departementet. Høyringsnotatet vart òg lagt ut på heimesida til Fiskeridirektoratet. Fristen for å sende inn høyringsfråsegner var 14. september 2021.

Hovudtemaet i høyringsnotatet var å foreslå ei lovendring som gjev heimel for at departementet seinare kan fastsetje i forskrift kva føresegner som gjev grunnlag for administrativ inndraging og kva føresegner som kan få unntak frå administrativ inndraging. I høyringsnotatet vert det òg vist til eksempel på typetilfelle av lovbrott som det kan vere aktuelt at ikkje skal bli råka av reaksjonsforma administrativ inndraging.

Høyringsnotatet vart sendt frå Fiskeridirektoratet til følgjande høyringsinstansar:

Kystvakten
Regelrådet

Samediggi – Sametinget

Bivdu

Fiskehav
 Fiskekjøpernes Forening
 Norges Fiskarlag
 Norges Fritids- og Småfiskerforbund
 Norges Kystfiskarlag
 Norges Råfisklag
 Norges Sildesalgslag
 Norsk Sjømannsforbund
 Pelagisk forening
 Sjømat Norge
 Sjømatbedriftene
 Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag
 Vest-Norges Fiskesalslag

4.2 Høyringsfråsegner

Departementet har motteke høyringsfråsegner frå følgjande instansar:

Fiskarlaget Nord
 Nordlands Fylkes Fiskarlag
 Norges Fiskarlag
 Norges Kystfiskarlag
 Norges Råfisklag
 Pelagisk Forening
 Sjømatbedriftene
 Vest-Norges Fiskesalslag

4.3 Oppsummering av høyringsfråsegnene

Alle instansane som har gjeve høyringssvar, er i all hovudsak positive og stiller seg bak forslaget i høyringsnotatet om endring av havressurslova § 54 andre ledd. Vi gjev i det følgjande att innspela til sjølve forslaget i høyringsnotatet:

Norges Fiskarlag skriv:

«Lovforslaget er etter Fiskarlaget sitt syn et lite skritt i riktig retning da noen av de sakstyper som i dag omfattes av bestemmelsen vil bli unntatt der inndragning verken er forholdsmessig, eller fratar fisker en berikelse.»

Fiskarlaget Nord skriv:

«Styret kan støtte at det gjøres endringer i inndragningsbestemmelsen. Det er behov for justeringer som kan bidra til mer rimelige og rettferdige resultat i tilfeller der bestemmelsen kommer til anvendelse. (...)»

Styret vil til dette påpeke betydningen av at ny praksis etableres i tett dialog med næringsen. Den praksis det legges til rette for må

være forutsigbar. Det må sikres likebehandling i forvaltningen når ny praksis skal etableres.»

Nordland Fylkes Fiskarlag skriv:

«Styret mener at i utgangspunktet bør det kun være et overfiske av kvoter som skal være gjensstand for administrativ inndragning. Styret ser likevel positivt på at en definerer nærmere hvilke overtredelser som skal rammes av administrativ inndragning. Dette medfører større forutsigbarhet for næringsaktørene og det vil samtidig ifølge høyringsnotatet i en del tilfeller sammenlignet med dagens bestemmelse også kunne virke mindre tyngende dersom det er snakk om inndragning med grunnlag i følgefeil i fiskeriet.»

Pelagisk Forening skriv:

«Innledningsvis vil Pelagisk Forening berømme Fiskeridirektoratet for at det tas fatt på et slikt arbeid. Fiskeridirektoratet viser selv til at den akkumulerende effekten av inndragningsbeløp på grunn av følgefeil i mange tilfeller har gitt svært urimelige utslag for enkeltpersoner og -rederier. Slike saker er svært uheldige, og kan bidra til å undergrave respekten for regelverket fremfor å bidra til at det følges. Videre er vi positive til at det fremgår konkret av forskriften hvilke overtredelser som ikke medfører inndragning.»

Norges Råfisklag skriv:

«Norges Råfisklag er positive til forslaget om endring av havressurslovens § 54. Det vil være hensiktsmessig å etablere detaljert forskriftshjemmel om hvilke overtredelser som skal rammes av administrativ inndragning av fangst og hvilke overtredelser som kan unntas.»

Sjømatbedriftene skriv:

«Sjømatbedriftene finner det positivt at det med denne høringen legges opp til større forutberegnelighet for aktørene. Det er også en klar fordel at man med forslaget vil få mer forholdsmessighet mellom inndragingsinstituttet og ulovlig fangst. Ettersom enkeltstående regelbrudd kan medføre en akkumulering av inndragningsbeløpet fordi regelbruddet vil foreligge ved etterfølgende fiskeriaktivitet, fremstår inndragningsinstituttet tidvis meget belastende.»

Den foreslåtte lovendringen har ikke til formål å innføre en adgang til å unnlate

administrativ inndraging på bakgrunn av rimelighetsbetraktningar. Sjømatbedriftene mener at det er viktig å opprettholde likhet for loven, dette til tross for at administrativ inndraging tidvis kan oppfattes som uforholdsmessig. Slik Sjømatbedriftene forstår forslaget, er målet nettopp å få bukt med administrativ inndraging som kan oppfattes som uforholdsmessig når det ikke har blitt oppnådd noen direkte fordel ved overtredelsen av regelverket eller feil i ressursuttaket.

Sjømatbedriftenes konklusjon:

Sjømatbedriftene støtter Fiskeridirektoratets forslag om å ta inn en hjemmel i Havressursloven 54.»

Vest-Norges Fiskesalslag skriv:

«Mange av inndragingssakene der en ikke har oppnådd noen fordel ved overtredelsen, oppleves i dag ofte som uforholdsmessig. Vest-Norges Fiskesalslag ser det derfor som en stor fordel om mange av de mindre alvorlige overtredelsene kan unntas fra administrativ inndraging. Dette på bakgrunn av, og som det og nevnes i høringsbrevet, at enkelte saker ofte oppleves som unødvendig tyngende, og kan få alvorlige økonomiske konsekvenser for den det gjelder. Styret i Vest-Norges Fiskesalslag stiller seg positiv til forslaget til den foreslåtte lovteksten til §54 som nevnt under punkt 6 i høringsbrevet.»

I tillegg skriv *Norges Kystfiskarlag* at dei har ingen merknader til høyringa av lovforslaget, og at dei

«(...) imøteser en nærmere gjennomgang og diskusjon av hvilke overtredelser som eventuelt skal rammes av administrativ inndraging og hvilke overtredelser som skal kunne unntas i egen høring dersom Stortinget slutter seg til forslag til lovendring.»

5 Om lovforslaga

5.1 Endringa i havressurslova § 54

5.1.1 Høyringsforslaget

Høyringsnotatet inneheldt eit forslag til endring i havressurslova § 54 andre ledd, som lydte slik:

Departementet kan i forskrift fastsetje reglar om kva føresegnar som skal være omfatta av første ledd, handsaming av slike saker, korleis

verdien av fangsten skal fastsetjast, om det kan gjevast vederlag for kostnader ved ilandføring, og om kva salslaga kan bruke slik midlar til.

I Fiskeridirektoratet si oversending til departementet etter gjennomført høyring foreslår Fiskeridirektoratet ei noko anna formulering enn den som vart høyrte. Det nye forslaget til formulering lyder slik:

Departementet kan i forskrift fastsetje reglar om *unntak frå første ledd*, handsaming av slike saker, korleis verdien av fangsten skal fastsetjast, om det kan gjevast vederlag for kostnader ved ilandføring, og om kva salslaga kan bruke slike midlar til.

Fiskeridirektoratet si grunngjeving for nytt forslag er følgjande:

Fiskeridirektoratet legger til grunn at inndraging av ulovlig fangst fortsatt skal være utgangspunkt og hovedregel. Det kan da være et lovteknisk poeng å regulere administrativ inndraging slik at hovedregelen fremgår av havressursloven § 54 første ledd, men at det gis hjemmel i andre ledd til konkret å unnta type-tilfeller fra ordningen. Det innebærer at det ikke er nødvendig at det fremgår av den enkelte forskrift hvilke lovbrudd som skal medføre administrativ inndraging. Fiskeridirektoratet mener det er en enklere og lovteknisk bedre regel at fangst eller verdien av fangst alltid skal administrativt inndras ved alle brudd på regler om høsting og levering, med mindre lovbruddet er konkret unntatt i forskrift.

Fiskeridirektoratet mener videre at lovtekniske grunner tilsier at unntaksbestemmelsene bør fremgå av de enkelte forskriftene og at det ikke lages en ny forskrift som lister opp unntakene fra havressursloven § 54 første ledd.

5.1.2 Departementet si vurdering

Departementet viser til innhaldet i høyringsfråsegnene og legg ut frå dei til grunn at høyringsforslaget har legitimitet i næringa.

Formålet med lovendringa er å gje departementet heimel til å fastsetje nærmare føresegnar om kva brot som fell utanfor og innanfor havressurslova § 54 første ledd første setning, og i tillegg å kunne syne kva brot som skal bli unnatekne frå same føresegn. Forslaget vil leggje til rette for at departementet i forskrift kan avklare kva for lovbrøt som medfører inndraging, og dessutan gjere

unntak for nokre lovbrott der inndraging framstår som unødvendig tyngande. Dette føreset ei mindre lovending som legg den nødvendige forskriftskompetansen til departementet. Departementet foreslår at heimelsgrunnlaget vert avgrensa i tråd med dette. Vidare foreslår departementet ei lovteknisk endring ved å dele inn føresegna i bokstavane a til f, slik at føresegna blir meir oversiktleg. Departementet foreslår følgjande endringar i havressurslova § 54 andre ledd:

- Departementet kan *gje forskrift om*
- a. *handsaminga av saker etter første ledd*
 - b. *kva for føresegner som er omfatta av første ledd*
 - c. *korleis verdien av fangst etter første ledd skal fastsetjast*
 - d. *om det kan gjevast vederlag for kostnader ved ilandføring av fangst etter første ledd*
 - e. *kva salslaga kan bruke midlar som nemnt i første ledd til*
 - f. *at brott på enkelte føresegner etter første ledd likevel ikkje skal medføre inndraging av fangst.*

Fiskeridirektoratet har i høyringa presentert døme på lovbrott som det kan vere grunn til å gjere unntak for i forskrift. Dette gjeld i hovudsak lovbrott som har preg av å vere formalfeil. Departementet tek sikte på å gjennomføre ei eiga høyring med forslag til føresegner om unntak frå administrativ inndraging. Det vil her vere mogleg å kome med høyringsinnspel til dei enkelte forslaga til unntak. Departementet presiserer at sjølv om ei framtidig forskrift fastset at enkelte lovbrott ikkje skal føre til administrativ inndraging, står ikkje det i vegen for at lovbrottet kan leie til andre reaksjonar eller sanksjonar.

5.2 Tilgang på opplysningar frå Folkeregisteret

Forslaga som gjeld tilgang på opplysningar frå Folkeregisteret utan omsyn til teieplikt, skal sikre at Fiskeridirektoratet har tilgang på opplysningar som er naudsynte for utøving av oppgåver etter lovene. Vidare skal forslaga sikre at Fiskeridirektoratet har tilgang på opplysningar til utgreiing og produksjon av statistikk.

Fiskeridirektoratet fører register over fartøy som vert nytta til ervervsmessig fiske, gjennom merkeregisteret som er heimla i deltakarlova § 22. Registeret inneheld detaljerte opplysningar om eigarar og medeigarar av fartøy. Vidare har deltakarlova krav om opplysningar om nasjonalitet og bustad for eigaren av fartøyet.

I tilfelle der fartøyeigar har døydd, vil det kunne vere behov for å innhente opplysningar om familieforhold. I tilfelle der fartøyeigar eller mannskap har utvandra frå Noreg, kan det vere behov for tilgang til opplysningar om dette.

Departementet legg til grunn at det kan oppstå liknande behov som nemnd over, også ved oppgåver som blir utført etter havressurslova.

Dei foreslåtte lovendingane som gjeld å sikre at Fiskeridirektoratet har tilgang på opplysningar frå Folkeregisteret, fører vidare rettstilstanden etter folkeregisterlova 1970. Lovforslaga er ei tilpassing i samsvar med den nye folkeregisterlova 2016. Departementet la difor til grunn at det openbert ikkje var naudsynt å sende dei tekniske endringane i havressurslova og deltakarlova på allmenn høyring, jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3 andre ledd tredje strekpunkt. Dei tilsvarende forslaga i Prop. 86 LS (2017–2018), Prop. 112 L (2017–2018) og Prop. 38 L (2018–2019) har heller ikkje vore på allmenn høyring.

Departementet foreslår å plassere lovendinga i § 49 i havressurslova, sidan denne føresegna gjeld utveksling av opplysningar mellom kontrollstyresmakter. Vidare foreslår departementet ein ny paragraf i deltakarlova, sidan deltakarlova ikkje har liknande føresegner frå før. Kapittel VI i deltakarlova er det einaste kapitlet i lova som inneheld forskjellige føresegner.

5.3 Forslag om oppheving av fiskarpensjonslova § 4 fjerde ledd

Departementet foreslår vidare at fiskarpensjonslova § 4 fjerde ledd blir oppheva, sidan innhaldet i føresegna ikkje lenger er aktuelt. Føresegna handlar om at departementet kan fastsetje at kommunale organ, i kommunar utan fiskerirettleiarteneste, skal føre registeret omtalt i § 4 første ledd. I dag er det Fiskeridirektoratet som fører registeret, og ordninga med fiskerirettleiar finst ikkje lenger. Føresegna bør difor bli oppheva.

Forslaget om oppheving av fiskarpensjonslova § 4 fjerde ledd har ikkje vore på høyring. Sidan innhaldet i føresegna ikkje lenger er aktuelt er det openbert ikkje naudsynt å høyre dette, jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3 andre ledd tredje strekpunkt.

6 Administrative og økonomiske konsekvensar

Lovforslaget som gjeld havressurslova § 54, vil medverke til meir føreseielege tilhøve for aktø-

rane, ved at departementet i forskrift kan avklare kva for lovbrod som medfører og ikkje medfører administrativ inndraging av fangst.

Ved at det vert opna for unntak frå kva føresegner som skal vere omfatta av havressurslova § 54 første ledd, vil næringa få nokre færre inndragingssaker mot seg samanlikna med dagens rettstilstand, og ein vil i større grad kunne unngå inndraging av fangst ved formalfeil når dette framstår som unødvendig tyngande.

Forslaget legg vidare til rette for mindre ressursbruk i fiskeriforvaltninga og hjå næringsaktørane, ved at det i framtida kan bli nokre færre inndragingssaker samanlikna med i dag. Innsparinga vil likevel vere avgrensa i og med at ein ønskjer å vidareføre inndraging som reaksjon ved dei aller fleste lovbrod. Det er vidare ikkje noko i vegen for å nytte andre reaksjonar eller sanksjonar mot lovbrod som vert unnatekne frå administrativ inndraging i framtida, dersom vilkåra for dette er oppfylte. Alt i alt inneber difor lovendinga etter departementet si vurdering ei relativt avgrensa innsparing i ressursbruk.

Endringane som gjeld tilgang på opplysningar frå Folkeregisteret fører vidare rettstilstanden etter folkeregisterlova 1970. Det vert lagt til grunn at Fiskeridirektoratet kan nytte etablerte grensesnitt for deling av opplysningar mellom Skatteetaten og Fiskeridirektoratet. Forslaget vil difor ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

Endringa som gjeld oppheving av fiskarpensjonslova § 4 fjerde ledd inneber ingen administrative og økonomiske kostnader, då innhaldet i føresegna ikkje lenger er aktuelt i praksis.

7 Merknadar til dei enkelte føresegnene

Havressurslova

Til § 49 tredje ledd

Tilføyinga av føresegna i § 49 tredje ledd sikrar at Fiskeridirektoratet framleis kan hente inn opplysningar frå Folkeregisteret, utan hinder av teieplikt, i saker etter havressurslova. Opplysningar som er underlagd teieplikt skal berre hentast inn

når det er naudsynt for å løyse direktoratet sine lovpålagde oppgåver.

Første punktum gjev Fiskeridirektoratet rett til tilgang på opplysningar i Folkeregisteret utan hinder av teieplikt, såframt opplysningane er naudsynte for utøving av oppgåver etter lova.

Andre punktum presiserer at Fiskeridirektoratet også skal ha tilgang på opplysningar som nemnt i første punktum, når formålet er til utgreiing og produksjon av statistikk.

Noverande § 49 tredje ledd blir etter forslaget *fjerde ledd*.

Til § 54 andre ledd andre punktum

Endringa av § 54 andre ledd gjev departementet heimel til å fastsetje forskrift om kva føresegner som er omfatta av første ledd, og kva føresegner som ikkje er det. Vidare opnar føresegna for at departementet kan fastsetje at hausting eller levering i strid med enkelte føresegner som er omfatta av første ledd, likevel ikkje skal medføre inndraging av fangst.

Deltakarlova

Til § 30 a

Tilføyinga av ny § 30 a sikrar at Fiskeridirektoratet framleis kan hente inn opplysningar frå Folkeregisteret, utan hinder av teieplikt, i saker etter deltakarlova. Opplysningar som er omfatta av teieplikt, skal berre hentast inn når det er naudsynt for å løyse direktoratet sine lovpålagde oppgåver.

Første punktum gjev Fiskeridirektoratet rett til tilgang på opplysningar i Folkeregisteret utan hinder av teieplikt, såframt opplysningane er naudsynte for utøving av oppgåver etter lova.

Andre punktum presiserer at Fiskeridirektoratet også skal ha tilgang på opplysningar som nemnt i første punktum, når formålet er til utgreiing og produksjon av statistikk.

Iverksetjingsføresegna

Departementet foreslår at lova skal gjelde frå den tida Kongen fastset, og at Kongen kan fastsetje at dei enkelte føresegnene skal ta til å gjelde til ulik tid.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i havressurslova m.m. (administrativ inndraging og tilgang til opplysningar i Folkeregisteret).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i havressurslova m.m. (administrativ inndraging og tilgang til opplysningar i Folkeregisteret) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i havressurslova m.m. (administrativ inndraging og tilgang til opplysninger i Folkeregisteret)

I

I lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst skal ny § 30 a lyde:

§ 30 a *Tilgang til opplysninger i Folkeregisteret*

Fiskeridirektoratet skal, uten hinder av taushetsplikt, ha tilgang til opplysninger i Folkeregisteret som er nødvendige for utførelsen av oppgaver etter denne loven. Direktoratet skal også ha tilgang til opplysninger i Folkeregisteret til utredning og produksjon av statistikk.

II

I lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar vert det gjort følgjande endringar:

§ 49 tredje ledd skal lyde:

Fiskeridirektoratet skal, utan hinder av teieplikt, ha tilgang til opplysningar i Folkeregisteret som er naudsynte for utøving av oppgåver etter denne lova. Direktoratet skal også ha tilgang til

opplysningar i Folkeregisteret til utgreiing og produksjon av statistikk.

Noverande § 49 tredje ledd blir nytt fjerde ledd.

§ 54 andre ledd skal lyde:

Departementet kan *gje forskrift om*

- a. handsaminga av saker etter første ledd*
- b. kva for føresegner som er omfatta av første ledd*
- c. korleis verdien av fangst etter første ledd skal fastsetjast*
- d. om det kan gjevast vederlag for kostnader ved ilandføring av fangst etter første ledd*
- e. kva salslaga kan bruke midlar som nemnt i første ledd til*
- f. at brot på enkelte føresegner etter første ledd likevel ikkje skal medføre inndraging av fangst.*

III

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset. Kongen kan fastsetje at dei enkelte føresegnene skal ta til å gjelde til ulik tid.



